

**Fra:** Oddbjørn Ese <Oddbjorn.Ese@vik.kommune.no>  
**Sendt:** 26. mai 2015 17:34  
**Til:** !Postmottak OED  
**Emne:** Høyring endring i energilov

**Gjeld høyringsuttale i samband med forslag om endringar i energilova om krav til selskapsmessig og funksjonelt skilje.**

Viser til høyringsbrev frå OED datert 15.4.2015.

Vik kommune er hovudeigar i Sognekraft AS og ynskjer å gi slik høyringsuttale:

Vi viser til høyringsnotatet; «Forslag til endringar i energilova» av 15.04.2015. I notatet frå OED er det gjort framlegg om å kreve «selskapsmessig og funksjonelt skille» for alle nettselskap.

Endringane er i hovudsak grunngjevne med behovet for behov for å sikre at det ikkje føregår kryss-subsidiering av konkurranseutsett verksemd og å sikre at målsetjinga om redusert nettleige vert innfridd.

**Litt om Sognekraft si straumnettverksemd:**

Ved utgangen av 2014 hadde Sognekraft 8628 kundar og eit nett med ei samla lengde på 1815 km. Selskapet har bygd opp ein fleksibel organisasjonen med tanke på å oppnå stordriftsfordeler og effektiv drift ved å utnytte synergieffektar mellom ulike verksemdsområde. Det er stor fokus på å gjere det rekneskapsmessige skiljet mellom nett og anna verksemd så rett som mogleg.

Ein fleksibel organisasjon er også viktig i høve til beredskap, ettersom det gir betre kapasitet i kriser, utan at den daglege drifta vert belasta meir kostnader enn naudsynt. Samarbeidet med lokale styresmakter og beredskapsorganisasjonar er tett og godt.

**Verknaden av lovforslaget:**

Lovforslaget medfører at det må etablerast ei eiga leiing og eige styre for nettselskapet i tillegg til eigne datasystem og auka administrasjon. Det vert berre unntaksvis høve til å nytte mannskap på tvers av konkurranseutsett / ikkje konkurranseutsett verksemd. Dette vil redusere fleksibiliteten og auke dei samla personalkostnadene.

Ein er kjend med at det er utført analyser for nettselskapet Nord-Salten Kraft AS (som er referanseverk for Sognekraft AS i DEA-analysen) som konkluderer med at auka framtidige kostnader i ein 15-års periode har ein negativ verdi på 34 MNOK. Gitt at dette er representativt for 100 andre energiverk, så kostar lovendringa samfunnet 3,4 mrd kroner, som straumkundane vert belasta for gjennom auka nettleige.

**Våre kommentarar til lovforslaget:**

Det er brei semje om at nettleiga ikkje må vere høgare enn den må vere, men vi kjenner oss ikkje att i skildringa av ei verkelegheit der straumnettverksemda vert påført andre verksemd sine kostnader gjennom kryss-subsidiering.

Meir rigide rammer for styring medfører meir byråkrati internt i og rundt nettselskapa. Dette er ei underleg utvikling sett opp mot regjeringa sine intensjonar om meir fleksibilitet i arbeidslivet og elles i samfunnet. Som eigar er vi urolege for ei utvikling der nettselskapa i mindre grad vert eigarstyrt lokalt, spesielt ved kravet om funksjonelt skilje, men meir sentralstyrt gjennom omfattande pålegg frå NVE og OED.

OED støttar seg til analyser utført av NVE som viser at vertikalt integrerte verk har høgare kostnader enn reine nettselskap. EC Group har utført ein tilleggsanalyse på oppdrag for Defo og KS Bedrift som konkluderer med at organisasjonsform har ingen signifikant forklaringskraft på skilnader i nettselskapa sin effektivitet (verken totaleffektivitet eller driftseffektivitet). Nettselskapa sin storleik har ein signifikant forklaringskraft på skilnader i totaleffektivitet, men ikkje driftseffektivitet. Det er dei ytre rammefaktorane slik som har størst forklaringskraft. Både lengda på høgspennettet og tal nettstasjonar gir enkeltvis ei signifikant forklaring på variasjonane i selskapa sin totaleffektivitet (aukande med 0,2% per 100 nettstasjonar og 0,2% per 100 km høgspenn).

At OED støttar seg til enkle analyser som ikkje har tilstrekkeleg forklaringskraft er bekymringsfullt. Vi saknar ei grundig analyse av kostnaden ved lovforslaget knytt opp mot nytten av å krevje selskapsmessig og funksjonelt skilje for alle. Etter utgreiingsinstruksen skulle dette ha vore ein del av saksutgreiinga. I denne samanhengen burde konsekvensar for kundar og lokalsamfunn, som vert berørt både gjennom endringar i kompetansearbeidsplassar og beslutningsmynde/ eigarskap, vorte synleggjort med konkrete eksempel frå ulike område i landet.

-----

Med helsing  
Oddbjørn Ese  
-rådmann-  
977 10 918  
[Oddbjorn.es@vik.kommune.no](mailto:Oddbjorn.es@vik.kommune.no)